

---

**Fra:** Byggesak Lindås  
**Sendt:** torsdag 11. april 2019 09:54  
**Til:** Eirik Vaage  
**Kopi:** Knut Bjørnevoll  
**Emne:** Frådeling - sak 18/2031 - gbnr 53/1  
**Vedlegg:** Skjema deling arealoverføring mm (2).pdf

Hei.

Vi viser til dykkar førespurnad om staus i dykkar om frådeling – sak 18/2031 – gbnr 53/1. Vi har prøvd å nå dykk på telefon utan å få svar.

Vi har vidaresendt dykkar e-post til sakshandsamar i dispensasjonssøknaden; Knut Bjørnevoll. Han er tilbake på kontoret 25.04.2019. Byggesaksvakten kan kun gje generell veiledning i dykkar sak i høve dei saksdokumenta som er registret:

I vedtak om dispensasjon frå PMU den 21.11.2018, så står det at det må det ligga føre løyve etter plan- og bygningslova og løyve etter jordlova før det kan gis delingsvedtak. Av skriftelege dokument i dykkar sak, så er det på noverande tidspunkt ikkje registrert søknad om frådeling (kun søknad om dispensasjon). Vi har lagt ved skjema for frådeling som nyttast ved søknad om frådeling, sjå vedlegg.

Av skriftelege dokument i landbrukssaka sak 18/2605 – gbnr 53/1 – så er ikkje løyve etter jordlova gjeve. Vi kan heller ikkje sjå at det ligg føre søknad om løyve etter jordlova i jordbrukssaka. Nærare informasjon om status i landbrukssaka, kan de få ved å kontakte Landbrukskontoret. Dersom dere sender oss søknad om frådeling, så kan vi oversende førespurnad om skrifteleg vedtak etter jordlova til Landbrukskontoret.

Med helsing

**Tone Furustøl** | rådgjevar byggesak

**E-post:** [byggesak@lindas.kommune.no](mailto:byggesak@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 50 00  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på kundesenteret tysdag eller torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

---

**Fra:** Eirik Vaage [<mailto:eir-vaa@online.no>]  
**Sendt:** onsdag 10. april 2019 19:44  
**Til:** Byggesak Lindås  
**Emne:** 18/2031 53-1

Hei, Etterspør framgang i sak 18/2031 53-1

Saka gjeld frådeling

Har vore i kontakt med Knut Bjørnevoll og Nils Kaalas fleire gonger dei siste månader

På landbrukskontoret seier han att saka er godkjent, men Knut Bjørnevoll manglar dokumentet

Slik står saka og ser ut som det stoppar her.

Håper saka kan koma i gang att.

mvh Solveig Vaage og Eirik Vaage.